



Fedje kommune
Adm.bygg
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ørjan Moldestad, 5557 2103

Orientering til kommunar og spesialisthelseteneste - bruk av tvang og makt etter reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Til:

Kommunar i Vestland: Overordna fagleg ansvarleg for helse- og omsorgstenestelova kapittel 9

Helse Førde HF: Vaksehabilitering og Habiliteringstenesta for barn og unge

Helse Fonna HF: Seksjon habilitering, læring og mestring

Helse Bergen HF: Habiliteringstenesta for vaksne

Habiliteringstenesta for barn

Psykisk helsevern for barn og unge

Statsforvaltaren skal etter helse- og omsorgstenestelova § 9-8 overprøve og eventuelt godkjenne vedtak om tvang mot personar med psykisk utviklingshemming når dei får tenester etter § 3-2 nr. 6 a – c og § 3-6 første ledd nr. 2. Vi skal prøve alle sider av saka, og hente inn opplysningar vi treng for å vurdere saka.

Vedtak etter § 9-5 bokstav b og c skal gjerast av den som har det overordna faglege ansvaret for tenesta i kommunen, og sendast Statsforvaltaren til overprøving. Vedtaket skal samtidig også sendast til spesialisthelsetenesta, verje og pårørande. Vi skal mellom anna prøve at kommunen si sakshandsaming er i tråd med krav i lov og at dei faktiske forhold som er lagt til grunn i vedtaket er rett.

Det går fram av § 9-9 første avsnitt at spesialisthelsetenesta skal bistå kommunane ved gjennomføring av tiltak etter § 9-5 tredje avsnitt bokstav b og c. Spesialisthelsetenesta skal avgj uttale til Statsforvaltaren om tvangsbruken. Det går fram av § 9-7 fjerde avsnitt at spesialisthelsetenesta si frist for uttale til kommunens vedtak om bruk av tvang er ei veke frå vedtaket er mottatt.

Ved overprøving av vedtak om bruk av tvang og makt etter reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9, tek det i mange høve for lang tid å få tilsendt naudsynte opplysningar frå kommunar og uttale frå spesialisthelsetenesta, i mange tilfelle opp til fleire månader.



Konsekvens av den lange saksbehandlingstida er at kommunane i desse sakene bruker tvang som ikkje er godkjent hos Statsforvaltaren, ofte over lengre periodar. Dette er ikkje i tråd med helse- og omsorgstenestelova og svekker rettstryggleiken til ei svært sårbar gruppe.

Vi vil difor no endre vår praksis framover ved overprøving av vedtak med bruk av tvang og makt etter reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Når det manglar naudsynte opplysningar frå kommune eller spesialisthelseteneste vil vi etterspørje dette, med ein frist på fire veker.

Dersom naudsynte opplysningar ikkje er motteke hjå oss innan denne fristen, vil vi avslutte sakshandsaminga hos oss, og returnere saka utan godkjenning av vedtaket.

Vi vil i slike høve også vurdere om det er grunnlag for ei vidare tilsynsmessig oppfølging av tvangsbruken.

Vi ber òg om at kommunen, når dei vurderer det som naudsynt å vidareføre tiltak med bruk av tvang og makt etter dette regleverket, sender oss det nye vedtaket tre månader før eksisterande vedtak går ut.

Med helsing

Sjur Lehmann
fylkeslege

Ørjan Moldestad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakerliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD



Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Helse Førde HF	Postboks 1000	6807	FØRDE
Helse Fonna HF	Postboks 2170	5504	HAUGESUND
Helse Bergen HF	Postboks 1400	5021	BERGEN